

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Terje Søviknes (Frp) sette fram fylkesrådmannen sitt opprinnelege forslag på nytt:

1. «Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber Fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemdar står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.»

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Fylkestinget ber om at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utvala gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.
2. Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi og ber om at ein i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet prioriterer å utarbeide ein strategi for bioøkonomi i Hordaland. Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:
 - Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggje potensialet for auka produksjon av biogass i Hordaland.
 - Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen.
 - Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemdar om å stille krav om

nullutslepp for transportørar som skal utføre oppdrag og leveransar.

- Medverke til at det vert bygd infrastruktur for biogass.
 - Stille krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar.
3. Fylkestinget syner til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt. Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Fylkesutvalet får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 9:

Hordaland fylkeskommune vil være en aktiv pådriver for at virksomhetene som står for de største punktutslippene øker framdriften på investeringsbeslutninger som tar med klimagassutslippene.»

Røysting

Fylkesordføraren la forslaget frå fylkesrådmannen (identisk med Terje Søviknes sitt forslag) til grunn for røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber Fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemder står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje

skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.

10. Fylkestinget ber om at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utvala gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.
11. Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi og ber om at ein i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet prioriterer å utarbeide ein strategi for bioøkonomi i Hordaland. Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:
 - Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggje potensialet for auka produksjon av biogass i Hordaland.
 - Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen.
 - Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemder om å stille krav om nullutslepp for transportørar som skal utføre oppdrag og leveransar.
 - Medverke til at det vert bygd infrastruktur for biogass.
 - Stille krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar.
12. Fylkestinget syner til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt. Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Fylkesutvalet får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.